

Den norske grunnlova 1814-2014. Bør ho ha dansk eller norsk språkdrakt i dag?

Gunnstein Akselberg
Universitetet i Bergen

1. Grunnlova i ny språkdrakt 2014

Det norske Stortinget vedtok 6. mai 2014 to nye språkversjonar av den norske grunnlova, *Kongeriket Noregs Grunnlov*. Denne dagen vedtok Stortinget både ein offisiell nynorskversjon og ein offisiell bokmålsversjon. Dette var eit klart brot med den danskspråklege tradisjonen som – med mindre norskspråklege justeringar – hadde rådd i grunnlovstekstane fram til då. Prosessen fram mot ein norskspråkleg grunnlovstekst har vore langvarig, og det må seiast å vera sensasjonelt at Grunnlova no føreligg for første gong i historia både i ein bokmålstekst og i ein nynorsktekst.

Fram til 2014 var Grunnlova ført i eit konservativt 1800-tals dansk skriftspråk! Dette gjeld ortografi, morfologi, leksikon og syntaks. Og teksten var full av eldre dansk kansellispåk. Det at offentlege tekstar skal vera språkleg lett tilgjengelege og gjennomskodelege – som elles er eit viktig norsk prinsipp, også i offentlege tekstar – har ikkje vore tilgodesett når det gjeld Grunnlova. Språkleg grunngeven konservatisme er interessant, og grunnlovsteksten fram til 2014 kan såleis signalisera at mange av politkarane er konservative språkbrukarar.

I artikkelen vil eg gjera greie for nokre hovudårsaker til at det i 2014 vart eit brot med den tidlegare danskspråklege skrifttradisjonen

i Den norske grunnlova. Dessutan presenterer eg nokre karakteristiske språklege særtrekk ved dei to nye språkversjonane.

2. Jubileumsåret 2014

Heile 2014 var eit jubileumsår, kalla *grunnlovsåret*, i Noreg. Jubileet galdt Den norske grunnlova som var 200 år i 2014, Grunnlova av 17. mai 1814, og det vart halde mange offisielle jubileumsmarkeringar rundt omkring i landet. Jubileumsmarkeringane i 2014 var altså eit grunnlovsjubileum. Grunnlovsjubileet hang nær saman med eit anna jubileum, eller heller ei anna markering, nemleg 200-årsmarkeringa for oppløysninga av unionen mellom Danmark og Noreg, ein union som hadde vara i over 400 år. Men i motsetnad til grunnlovsmarkeringa, som altså var ei jubileumsfeiring, var det inga offisiell markering i 2014 av unionsoppløysinga i 1814.

Dei historiske grunnane til at vi både fekk ei eiga norsk grunnlov i 1814 og at den dansk-norske unionen vart oppløyst dette året, er mangslungne og har samanheng med både eksterne storpolitiske internasjonale tilhøve og interne lokale dansk-norske tilhøve. På sett og vis var 17. mai-grunnlova eit produkt av eit norsk kupp våren 1814 som kulminerte med grunnlovsvedtaket den 16. mai, signering og overlevering til den danske prinsen Christian Frederik den 17. mai, og valet av Christian Frederik som norsk konge den 18. mai. Christian Frederik vart seinare dansk konge under namnet Christian 8.

I 1814 kom det to grunnlovsversjonar. Den fyrste versjonen var Grunnlova av den 17. mai, den andre versjonen var Grunnlova av den 4. november. Det kom ein ny grunnlovsversjon i november 1814 av di Grunnlova då måtte tilpassast dei nye politiske realitetane som hadde oppstått. Etter ein stutt krig med Sverige, der Noreg lei nederlag, gjekk nordmennene inn i ein union med Sverige, og 17. mai-grunnlova måtte justerast. Vi fekk difor den såkalla Novembergrunnlova. Frå då av og fram til i dag har det blitt gjort fleire større og mindre endringar i grunnlovsteksten etter kvart som det har blitt naudsynt med justeringar av Grunnlova av ulike konstitusjonelle årsaker. Desse språklege revisjonane har vore bygde på det danske skriftspråket heilt fram til 2014 då det kom til eit endeleg brot med det norske danskpåverka grunnlovsspråket.

3. Språklege revisjonar av Grunnlova

Heilt fram til den språklege grunnlovsrevisjonen i 2014 har dansk språk spela ei viktig rolle for det norske grunnlovsspråket. Då grunnlovsparagrafane vart justerte på 1900-talet, eller då det kom inn nytt stoff i Grunnlova på 1900-talet, etablerte det seg ein praksis med at desse endringane skulle haldast i ei språkform som låg tett opp til det opphavlege språket og den språklege stilen i Grunnlova frå 1800-talet.

Grunnlova sjølv seier ingenting om kva for skriftspråksnorm som skal liggja til grunn for endringar og tillegg, men i prinsippet var det den danske skriftspråksnorma som var gjeldande frå 1814 og framover som skulle verta den skriftspråkleg rettesnora for alle justeringar og nye tillegg i den norske grunnlova etter 1814. I praksis kan vi dela perioden 1814–2014 i to hovudperiodar etter den danskspråklege praksisen i Grunnlova.

I perioden 1814-1903 vart det i dei reviderte versjonane nytta eit tradisjonelt danskspråkleg skriftspråk som svara til den aktuelle skriftspråksnorma som til ei kvar tid var gjeldande. Fram til 1903 vart altså alle revisjonane gjorde i ein konservativ variant av samtidas gjeldande danske skriftspråk.

I perioden 1903-2014 derimot er dei reviderte versjonane skrivne i eit lett justert tradisjonelt dansk skriftspråk som rettesnor, som representerte ei ”gjennomsnittleg” eller ”idealisert” dansk skriftnorm i den siste tredjedelen av 1800-talet. Frå 1903 fekk vi såleis ei nennsam historisk normalisering av grunnlovsrettskrivinga. Språket vart no løfta noko nærare samtidas skriftspråk. Men framleis skulle det vera eit konservativt danskspråkleg skriftspråk. Både grammatikken og vokabularet i den gamle teksten blei bevart. Lova skulle framleis ha ei verdig, lett gammaldags form. For perioden frå 1903 til rundt 2000 vart 1903-revisjonen den gjeldande skriftnorma for nye grunnlovsjusteringar.

Grunnlovsforslaga måtte altså fram til 2014 fremjast i eit 1800-tals dansk skriftspråk. Men framlegga i eit dansk 1800-talsspråk gjekk ikkje alltid så bra. Dei som skulle utføra desse språklege oppgåvene, hadde ikkje alltid like god kunnskap om det eldre 1800-tals danske skriftspråket. Dessutan var nok ikkje dei språklege retningslinene heller like klare, slik at det språklege produktet ofte kunne verta

både sprikande og inkonsekvent, og dermed ha mange språklege feil. Frå tid til anna måtte Stortinget samla språkfeila og gjera rettingar i grunnlovstekstane.

Det låg såleis etter kvart mange uløyste språklege utfordringar i å halda oppe tradisjonen med å nytta eit tilnærma 1800-tals dansk skriftspråk. Den eine var altså at den språklege kompetansen til dei som skulle utføra det skriftspråklege arbeidet, ikkje var god nok. Ei anna utfordring var mangelen på ei klar og tydeleg historisk skriftspråksnorm. Og ikkje minst, ofte kunne det vera vanskar med å forstå den historieserande skriftnorma både for politikarar og for lekfolk.

4. Mot språkleg modernisering

Ved årtusenskiftet rundt 2000 fekk vi ei viss rørsle for å gjennomføra eit språkleg ansiktsløft av Grunnlova. Dette var både av reint språklege og reint språkpolitiske grunnar, og etter kvart også på grunn av det planlagde grunnlovsjubileet i 2014, som verka sterkt inn på den auka interessa og framstøyten for å gjennomføra ei språkleg fornying av grunnlovsteksten. Etter kvart utkrystalliserte denne interessa seg i fleire forskjellige språkpolitiske retningar: På den eine sida praktiske, språklege, funksjonelle og pragmatiske tilhøve. På andre sida den kulturelle vurderinga, vernet av og respekten for den opphavlege grunnlovsteksten som eit unikt historisk dokument, og den garantien som ligg i eit opphavleg og uforfalska dokument av denne karakteren. Såleis fell ynskja om ei språkleg revidering og modernisering på eine sida, saman med på den andre sida ynskjet om å verna språket i Grunnlova mot løft og fornying. Det har vore ei stor utfordring å takla desse motstridande språkkulturelle og språkpolitiske interessene.

Her har språkprofessor Finn Erik Vinje si bok *Frihetens Palladium – i språklig belysning* (2002) spela ei viktig rolle som premissleverandør for diskusjonar, debattar og konkrete språklege utkast og framlegg. Vinje er ein av dei som har engasjert seg sterkest i det norske grunnlovsspråket med omsyn til skriftnorm, skriftform og språklege analysar. Han vert ofte kontakta av media om språklege, særleg normative, spørsmål, og han representerer både eit konservativt skriftspråk- og eit konservativt talespråksyn. I spørsmålet

om ei modernisering av grunnlovsspråket, vil han halda på mange tradisjonelle leksikalske, ortografiske og syntaktiske skriftformer.

Denne utviklinga førte til at det vart utarbeidd nye språklege versjonar av Grunnlova, som resulterte i at det vart vedteke ein offisiell bokmålsversjon og ein offisiell nynorskversjon i Stortinget den 6. mai 2014. Dette var to språkleg moderniserte versjonar av Grunnlova.

For vedtaket om bokmålsversjonen er det såkalla *Grunnlovsforslag 21* (2011-2012) frå Anders Anundsen, Per-Kristian Foss, Carl I. Hagen, Michael Tetzschner og Finn-Erik Vinje lagt til grunn, og for nynorskversjonen er *Grunnlovsforslag 22* (2011-2012) frå Anders Anundsen og Per-Kristian Foss lagt til grunn.

Det siste forslaget, nr. 22, er nynorskdelen av *Grunnlovsforslag 25* (2011-2012) frå Marit Nybakk, Martin Kolberg, Jette F. Christensen, Hallgeir H. Langeland og Per Olaf Lundteigen, som blei utarbeidd av utvalet for utarbeiding av nye tekstversjonar av Grunnlova på tidsmessig bokmål og nynorsk, *Grunnlovsspråkutvalet*. Dette utvalet blei leia av professor og dekan ved Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Oslo, Hans Petter Graver, difor populært kalla *Graver-utvalet*. Grunnlovsspråkutvalets bokmålsversjon vart altså ikkje vedteken, men i staden Grunnlovsforslag 21 frå professor emeritus Finn Erik Vinje med fleire.

Dei to nye språkversjonane har mange karakteristiske språklege trekk som skil dei frå den grunnlovsteksten som var gjeldande fram til 2014, og der nynorskteksten naturleg nok skil seg meir frå den gjeldande grunnlovsteksten fram til 2014 enn det bokmålsteksten gjer. Nedanfor fylgjer nokre karakteristiske døme frå kvar av dei to nye språkversjonane for ortografi, morfologi, syntaks og leksikon, som skil seg frå grunnlovsteksten som var gjeldande fram til 2014.

5. Bokmålsversjonen av Grunnlova av 2014

Karakteristisk for den vedtekne grunnlovsteksten på bokmål er at den på fleire måtar fell mellom den tradisjonelle dansk-norske grunnlovsteksten og det moderne bokmålet – ved at den m.a. held oppe fleire eldre syntaktiske og leksikalske trekk samstundes som den har normalspråklege ortografiske og morfologiske former.

Grunnlovsteksten har no for første gongen fått moderne **ortografi**:

- bokstaven *å* er komen til for tidlegare *aa*
- tidlegare enkel konsonant etter kort vokal er skift ut med dobbel som i *flagg* for *Flag*
- bruk av framand konsonant er skift ut med norsk som i *straks* for *strax*
- danske ”bløde” konsonantar er skifte ut med dei tilsvarande norske harde som i *møte* for *Møde*
- tidlegare dansk *f* i den norske grunnlovsteksten er skift ut med norsk *t* som i *etter* for *efter*
- tidlegare stor førebokstav i substantiv er skift ut med liten som i *Flagg* for *Flag* og i *lov* for *Lov*.

Morfologisk er det gjort einskilde oppdateringar, medan andre er blitt ståande. Til dømes har moderne fleirtalsformer på *r* erstatta eldre utan fleirtals-*r*, som i *tredjedeler* og *lover*.

Derimot er bundne feminine *a*-former i substantiv fråverande som i *dronningen* vs *dronninga* og i *kirken* vs *kirka*.

Ortografisk og morfologisk framstår bokmålsteksten såleis som heller moderne i høve til den eldre gjeldande grunnlovsteksten.

I **leksikonet** er tidsbestemte ordformer tekne ut, som *eragte*, *imidlertid* (i tydinga ’i mellomtiden’) og *efterlade* (i tydinga ’unnlate’).

Andre ’historiske’ leksikonformer er derimot haldne oppe som i uttrykka *rikets tarv* og *de lærde skoler*.

Ortografisk, morfologisk og leksikalsk er språket eit moderat-konservativt bokmål. Slik må ein kunna seia at teksten langt på veg er skriftspråkleg stilistisk tradisjonell og konservativ.

Syntaksen i den tradisjonelle teksten er stort sett halden oppe. Dette kjem mellom anna til uttrykk ved bundne nominale konstruksjonar der norsk dobbel bestemming ikkje finst. I teksten er enkel bestemming gjennomgåande, som t.d. ”*det norske flagg*” og ikkje ”*det norske flagget*”, og ”*kongen og hans råd*” og ikkje ”*kongen og rådet hans*”.

Syntaktisk har bokmålsteksten halde på mange kansellistiske formuleringar frå den tradisjonelle grunnlovsteksten. Av di den nynorske versjonen er meir eller mindre fri for slike syntaktiske formuleringar, vert eit utval kansellistiske bokmålskonstruksjonar nedanfor jamførte med måten den nynorske grunnlovsteksten løyer desse tradisjonelle formuleringane på.

Bokmålsteksten framstår såleis på mange måtar som ein historisk tekst, noko som også har vore målet med dette tekstframlegget. Såleis har teksten stor dignitet, og dessutan stor symbolkraft. Noko av målet har vore at denne bokmålsversjonen skal minna om tekstens historie og opphav. Eg kjem attende til desse grunngjevingane i pkt. 8 nedanfor.

6. Nynorskversjonen av Grunnlova av 2014

Dette er ikkje første gongen at Grunnlova kjem i nynorsk språkdrakt. Grunnlova vart første gongen omsett til nynorsk (landsmål før 1929; her berre kalla nynorsk før 1929) i 1875 av læraren Olav Jakobsson Høyem, som kom i ny utgåve i 1878. I 1901 vart Grunnlova omsett til nynorsk på ny, av jussprofessor Nikolaus Gjelsvik. Framlegget til Gjelsvik vart fremja som grunnlovsforslag av sju stortingsrepresentantar i 1906. Forslaget nådde ikkje fram. Konstitusjonskomiteen si innstilling om å avvisa alle forslaga, vart vedteken. Etter 1906 har det ikkje blitt fremja fleire grunnlovsforslag om ein nynorsk språkversjon av Grunnlova før 2014.

Vi hadde såleis ein halvoffisiell nynorskversjon som levde lenge, heilt fram til 2014. Denne versjonen vart oppdatert fleire gonger; i 1964, 1975 og i 1980, men ikkje etter 1985.

Dersom vi kan seia at bokmålsversjonen av 2014 er eit språkleg andletsløft og ei varsam omsetjing av den tradisjonelle teksten, så er nynorskversjonen av 2014 ei reell omsetjing av den tradisjonelle danske teksten. Sett i høve til nynorskversjonane fram til 1985, kan vi kanskje kalla nynorskversjonen av 2014 eit språkleg andletsløft. Nynorskversjonen av 2014 held seg innanfor læreboknormalen 1957-2012 (i 2012 kom det ny nynorsknorm), og det nynorske språket i grunnlovsteksten av 2014 kan kallast moderat konservativ.

Ortografien i nynorskversjon av 2014 er fleire stader karakteristisk av di det er gjort val innom den gjeldande språknorma som i einskilde tilfelle går i konservativ språkleg retning og i andre i meir normalspråkleg retning.

Teksten har gjennomført *e*-infinitiv, som t.d. *vere*, *tryggje*, *vedkjenne*, *lovfeste*, *kalle*, *late* og *følgje*. Her har ein altså valt å følgja den tradisjonen som forlag, aviser og offentlege instansar har lagt seg på. Infinitiv på *a*, som er likestilt med infinitiv på *e* i den gjeldande nynorsknorma, representerer såleis ikkje her eit moderat konservativt nynorsk alternativ.

Den tronge vokalen *y* er nytta i ord som adverbet *fyrst*, adjektivet *fyrste* og i adjektiviske samansetjingar som *fyrstnemnd* i staden for dei andre offisielle og meir frekvente nynorske skriftformene *først*, *første* og *førstnemnde*.

Enkle konsonantar vert gjennomgåande nytta som i *skjøn*, men ved *m* vert det nytta dobbelkonsonant som t.d. m. sg. *dommar* vs *domar*, m. pl. *eigedommar* vs *eigedomar*, og svake pres. som *dømmer* vs *dømer*.

Eit **syntaktisk** særtrekk ved den nynorske grunnlovsteksten er at kansellistiske trekk manglar. I bokmålsteksten er derimot svært mange av dei kansellistiske trekka frå den tradisjonelle teksten førde vidare. Nedanfor er det sett opp nokre døme på syntaktiske skilnader mellom bokmåls- og nynorskteksten som illustrerer den ulike distribusjonen av kansellistiske konstruksjonar. Bokmålsteksten (BM), som ligg nær opp til den tradisjonelle teksten, kjem før nynorskteksten (NN) i døma nedanfor:

Original: ”Statssekretærerne og de politiske Raadgivere dog undtagne”.
BM: ”statsekretærene og de politiske rådgivere dog unntatt” vs NN: ”bortsett frå statssekretærar og politiske rådgjevarar”. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: ”bortsett fra statssekretærer og de politiske rådgivere” (§ 62).

Original: "Ytringsfrihed bør finde Sted". BM: "Ytringsfrihet bør finne sted" vs NN: "Ytringsfridom skal det vere". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "Ytringsfrihet skal finne sted" (§ 100).

Original: "de af Storthinget tilføiede Anmerkninger". BM: "de av Stortinget tilføyde anmerkninger" vs NN: "merknader frå Stortinget". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "de anmerkninger Stortinget har tilføyd" (§ 76).

Dessutan har nynorskteksten dobbel bestemming i substantiv, med både føresettt og etterhengd "artikkel", som t.d. i "på den måten". Her følger bokmålsteksten den tradisjonelle teksten og gjeldande dansk skrivemåte, "på den måte" (§ 19).

Leksikonet i nynorskteksten har generelt eit anna administrativt ordtilfang enn bokmålsteksten, og skil seg såleis fleire stader frå bokmålsteksten (sjå pkt 7 nedanfor). Elles er det nynorske ordvalet i Grunnlova nokså tradisjonelt. Døme på dette er *attåt* i staden for *i tillegg til* (§ 59), "offentlege *bører*" i staden for "offentlege byrder" (§ 75).

Derimot er verbet *behandle* teke inn i staden for *handsama* (§ 74).

I bokmålsteksten er uttrykk for rettar og plikter mange og varierte som til dømes *skyldig, forbunden, forpliktet, berettiget, tillatt, tilkommer* og *påligger*. Her nyttar nynorskversjonen *kan* og *skal*:

Original: "Det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for". BM: "Det påligger statens myndigheter å legge forholdene til rette for" vs NN: "Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "Statens myndigheter skal legge forholdene til rette for" (§ 100).

Elles er nynorskversjonen moderne fleire stader ved å nytta tidstypiske formuleringar som t.d. desse:

Original: "*sjælelig Svækkelse*". BM: "*sjelelig svekkelse*" vs NN: "*psykisk svekking*". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "*psykisk svekkelse*" (§ 50).

Original: "*Efter at Forslaget er antaget, skal ny Deliberation finde Sted i Stortinget*". BM: "*Etter at forslaget der er antatt, skal ny deliberasjon finne sted i Stortinget*" vs NN: "*Etter at framlegget er vedteke der, skal Stortinget ta det opp til ny vurdering*". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "*Etter at framlegget er vedtatt der, skal Stortinget ta det under overveielse på nytt*" (§ 76).

7. Nynorskversjon av 2014 vs bokmålsversjonen av 2014 – ulike moderniseringsløyser

Nynorsk- og bokmålsversjon nyttar mange stader ulike moderniseringsløyser i høve til den originale (tradisjonelle) grunnlovsteksten. Døme på dette er:

Original: "*dersom han finder det fornødent*." BM: "*dersom han finner det nødvendig*" vs NN: "*dersom han meiner det trengst*." Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "*dersom han mener det trengs*" (§ 69).

Original: "*efter to forskjellige paa hinanden følgende*". BM: "*etter to på hinannen følgende*" vs NN: "*to imellom*". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "*to imellom*" (§ 79).

Original: "*naar det har tilendebragt*". BM: "*når det har tilendebrakt*" vs NN: "*det avslutter når*". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "*det avslutter når*" (§ 80).

Original: "*Er en Lovbeslutning bleven uforandret antagen af to Storting, sammensatte efter to*". BM: "*Er en lovbeslutning blitt uforandret antatt av to storting, sammensatt etter to*" vs NN: "*Når to storting med eitt val og minst to storting imellom har gjort same lovvedtaket uendra*". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "*Når to storting med ett valg og minst to storting imellom har fattet det samme lovvedtak uforandret*" (§ 79).

Original: *"Hvorvidt og under hvilke Former de"*. BM: *"Hvorvidt og under hvilke former de"* vs NN: *"Om og korleis dei"*. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"Hvorvidt og hvordan de"* (§ 60).

Original: *"Det Antal Storthingsrepræsentanter, som bliver at vælge, bestemmes til 169."* BM: *"Det antall stortingsrepresentanter som blir å velge, fastsettes til 169."* vs NN: *"Det skal veljast 169 stortingsrepresentantar."* Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"Det skal velges 169 stortingsrepresentanter"* (§ 57).

Elles finst det mange stilistiske og leksikalse skilnader mellom bokmåls- og nynorskteksten. Her er nokre dømme:

Original: *"har erhvervet"*. BM: *"har ervervet"* vs NN: *"har fått"*. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"har ervervet"* (§ 3).

Original: *"saaledes"*. BM: *"således"* vs NN: *"såleis"*. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"således"* (§ 3).

Original: *"antegnes"*. BM: *"antegnes"* vs NN: *"førast inn i"*. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"føres inn i"* (§ 6).

Original: *"inden Riget"*. BM: *"innen riket"* vs NN: *"i riket"*. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"i riket"* (§ 11).

Original: *"hvortil udfordres"*. BM: *"hvortil fordres"* vs NN: *"til det krevst"*. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"til det kreves"* (§ 11).

Original: *"Forretningerne"*. BM: *"forretningene"* vs NN: *"gjeremåla"*. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"gjøremålene"* (§ 12).

Original: *"ved overordentlige Leiligheder"*. BM: *"ved overordentlige leiligheter"* vs NN: *"i særlege høve"*. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"i særlige tilfeller"* (§ 12).

Original: *"beskikke"*. BM: *"beskikke"* vs NN: *"utnemne"*. Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: *"utnevne"* (§ 14).

Original: "beklæde". BM: "bekle" vs NN: "ha". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "ha" (§ 21).

Original: "Gage". BM: "gasje" vs NN: "løn". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "lønn" (§ 22).

Original: "besluttet hemmeligholdte". BM: "besluttet hemmeligholdt" vs NN: "vedtek å halde løynde". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "beslutter å hemmeligholde" (§ 30).

Original: "tilendebragte". BM: "tilendebrakt" vs NN: "avslutta". Graver-utvalet sitt BM-framlegg var: "avsluttet" (§ 54).

Desse døma syner oss også at i den nynorske teksten er det gjort gjennomgåande leksikalske val som er meir tidstypiske og betre gjennomskodelege enn dei som finst i bokmålsteksten.

8. Dansk versus norsk

Argumenta for enten å halda på den opphavlege teksten eller å etablera ei varsam modernisering, slik som den vedtekne bokmålsteksten representerer, er fleire. Det er mellom anna lagt vekt på at ein skal ha respekt for den opphavlege grunnlovsteksten. Ei grunnlov er av ein slik art at teksten i henne skal ein ikkje tukla for mykje med. Ein skal respektera Grunnlova som historisk dokument og som historisk tekst, difor bør endringar og tillegg enten først til i eit "originalt" språk eller i eit varsamt modifisert språk.

Grunnlova har stort sjølvverde, dignitet, og dessutan har ho stor symbolkraft, difor skal både sjøve lova og språket i henne handsamast med respekt og verdigheit. Ei språkleg modernisering, og ikkje minst ei språkleg omsetjing, vil setja sjølvverdet i fare og kan difor verta oppfatta som ei respektlaus handling og ikkje minst ei respektlaus handsaming av Grunnlova.

Dinest er det viktig at grunnlovsspråket skal minna oss om tekstens historie og opphav. Eit språk som ligg tettare opp til moderne skriftspråk eller til moderne språkbruk i det heile, kan vera med å avhistorisera Grunnlova som eit historisk produkt, og dessutan både kvardagsjera og allmenngjera lova.

På den andre sida vil ei språkleg modernisering og ei språkleg omsetjing – som er i samsvar med nyare og gjeldande skriftnormer – byggja på eit viktig demokratisk og folkeleg prinsipp – og ein viktig demokratisk og folkeleg praksis. Skal vi ha ei grunnlov som tek i vare nasjonen og innbyggjarane sine grunnleggjande rettar og integriteten deira, må lova vera skriven på eit språk som til alle tider representerer det skriftspråket som menneska i den historiske samtida kjenner seg best heime i og som fell innom dei gjeldande skriftspråklege normene. Eit skriftspråk som representerer ei historisk fortid som innbyggjarane ikkje har noka tilknytning til, ivaretek ikkje slike funksjonar.

Dessutan må innbyggjarane kunna skjønna kva som står i dei einskilde paragrafane i Grunnlova. Difor må det liggja ei tung pedagogisk føring på val av språklege formuleringar. Lova må vera språkleg og innhaldsmessig lett tilgjengeleg. Er ho ikkje det, vil ikkje Grunnlova vera ei lov for heile folket, men for ein sosial elite som har nøkkelen til å avkoda dei eldre språklege formuleringane.

Både av demokratiske, folkelege og pedagogiske prinsipp er det såleis viktig at lova har eit skriftspråk som innbyggjarane kjenner seg heime i. Av desse grunnane, og dessutan av språkpolitiske årsaker, er det viktig av teksten i Grunnlova finst både i ei moderne nynorskutgåve og moderne bokmålsutgåve.

9. Skal Grunnlova ha dansk eller norsk språkdrakt i dag?

Det har vore ei lang og kronglete ferd fram mot det språklege grunnlovsvedtaket i 2014. På den eine sida har motstanden mot å gå bort for ”dansk” normering vore stor, og på den andre sida har arbeidet med å få i stand ein nynorsk versjon gått føre seg i over hundre år.

På mange måtar kan vi samanlikna arbeidet med å få Grunnlova i ei moderne norsk språkdrakt, med arbeidet med å få ei *Bibelen* i ein moderne norsk skriftspråkleg versjon. I begge tilfelle var det sterk motstand mot ein moderne norskspråkleg versjon til å byrja med. For mange var det utenkjeleg med ein bibel på riksmål eller bokmål i staden for dansk, for ikkje å snakka om å få *Bibelen* på nynorsk. Også mellom lekfolk var det i si tid merkeleg at *Bibelen* skulle skrivast på bokmål, for ikkje å snakka om på nynorsk. Slikt var etter mange si meining respektlaust – både overfor kristendomen, dei kristne og ikkje

minst overfor Gud sjølv. Dei same prinsipielle tradisjonsargumenta har vore nytta mot grunnlovsspråket.

Då handsaminga av framlegget om Grunnlova i ny språkdrakt på bokmål og nynorsk var oppe til røysting i Stortinget 6. mai 2014, var det berre éin av dei 169 representantane som stemte mot. Stortingsrepresentant Sverre Myrli, Arbeiderpartiet (Ap), stemte mot av di han meiner at argumenta som talte mot ei modernisering vog tyngst. På den andre sida hadde Arbeiderpartiet, Sosialistisk venstreparti (SV), Senterpartiet og Miljøpartiet De Grønne håpa på ei endå større modernisering i bokmålsutgåva av Grunnlova. I diskusjonane fram mot handsaminga i Stortinget argumenterte partia Høgre og Venstre for at grunnlovsteksten i stor grad burde vera uendra.

Grunnlovsspråkutvalet (Graver-utvalet, sjå pkt 4) la altså fram framlegg både til ein nynorsktekst og ein bokmålstekst for Grunnlova. Nynorskteksten deira vart vedteken, bokmålsteksten ikkje. Bokmålsteksten som vart vedteken er den teksten som Finn Erik Vinje med fleire (sjå pkt 4) la fram. Som vi har sett døme på ovanfor, er den vedtekne nynorskteksten og den vedtekne bokmålsteksten nokså ulike i språkleg form og stil. Begge tekstane er haldne i ei språkleg tradisjonell form, også nynorskteksten. Ingen av dei nyttar språkleg radikale former og uttrykk i høve til gjeldande bokmålsnorm og nynorsknorm. Derimot skil dei seg kraftig frå kvarandre når det gjeld ordtilfang og syntaks. Den vedtekne bokmålsteksten er nokså tradisjonell i høve til ordtilfang og syntaks, og ligg mange stader tett opp til den danske teksten som var gjeldande fram til 2014. Vi kan t.d. finna att fleire av dei gamle danske kansellistiske formuleringane. Den nynorske grunnlovsteksten derimot byggjer på nynorsktradisjonen som legg vekt på at setningane skal vera enkle og gjennomskodelege og att ordtilfanget mest mogeleg skal vera lokalt nasjonalt og ikkje for mykje påverka av framande og forelda ordlån.

Bokmålsframlegget til Grunnlovsspråkutvalet (Graver-utvalet) låg mykje tettare opp til nynorskversjonen med omsyn til stil, ordtilfang og syntaks enn den vedtekne bokmålsteksten. I praksis tyder dette at for allmenta, og også for fleire fagfolk – er nynorskteksten lettare tilgjengeleg, meir forståeleg og praktisk funksjonell enn den vedtekne bokmålsteksten. Hadde derimot Grunnlovsspråkutvalet (Graver-

utvalet) sin bokmålstekst vorten vedteken, ville nok den kunne ha hatt like stor bruksverdig for den moderne nordkvinne og nordmann, som nynorskteksten har fått i dag.

Med vedtaket i 2014 er ”den danske grunnlovsspråktida” definitivt omme.

Kjelder

Dokument 19 (2011-2012). Rapport til Stortingets presidentskap fra Grunnlovsutvalget om utarbeidelse av språklig oppdaterte tekstversjonar av Grunnloven på bokmål og nynorsk. <[www.stortinget.no/global/pdf/>Dokumentserien/2011-2012/dok19-201112.pdf](http://www.stortinget.no/global/pdf/Dokumentserien/2011-2012/dok19-201112.pdf).

Kongeriget Norges Grundlov af 4de November 1814. <www.nb.no/baser/1814/4nov2.html>.

Kongeriget Norges Grundlov af 17de Mai 1814. Constitution for Kongeriget Norge. <www.nb.no/baser/1814/17may.html>.

Kongeriket Noregs Grunnlov 2014. <lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>.

Kongeriket Norges Grunnlov 2014. <lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17>.

Litteratur

Vinje, Finn Erik (2002) *Frihetens palladium – i språklig belysning. Om språket i Grunnloven*. Oslo: Stortinget.